



SIM

RESSURS- OG MILJØSTRATEGI

— frå avfall i ein lineær økonomi
til ressursar i ein sirkulær økonomi

Forord

Eigarkommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes har delegert dei lovpålagte oppgåvene med hushaldsrenovasjonen til SIM (Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS).

Førre avfallsplan vart utarbeida i 1999. SIM – området og avfallshandtering har endra seg sidan den gong. Ein ser difor behovet for ein ny plan. Førre avfallsplan var laga med bakgrunn i krav i «Forureiningslova» som igjen gav retningslinjer for korleis planen skulle utarbeidast.

Det er ikkje lenger eit krav for kommunane å ha ein avfallsplan, og det ligg dermed ikkje føre retningslinjer.

Denne planen vil vera utarbeidd med bakgrunn i selskapet sine lovpålagde oppgåver, internasjonale og nasjonale klimamål, samt eigarkommunane sine klima – og miljømål. Planen seier noko om selskapet sin strategi på eit overordna plan, og korleis ein kan nå overordna mål. I tillegg seier planen noko om kva tiltak ein meiner må setjast i verk for å oppnå mål og delmål.

Prosjektgruppa


Styret i SIM har vore styringsgruppe for strategien. Ein representant frå kvar kommune har vore med i plangruppa, saman med representantar frå SIM. SIM har vore sekretariat for planarbeidet. Planen har vore til uttale i eigarkommunane.

Arbeidsgruppa har vore samansett av:

<i>Austevoll:</i>	Lars Erling Horgen
<i>Bømlo:</i>	Njål Gunnar Slettebø,
<i>Fitjar:</i>	Kari Rydland,
<i>Kvinnherad:</i>	Knut Evjen/Synnøve Skei
<i>Stord:</i>	Kari Rydland
<i>Sveio:</i>	Terje Hansen
<i>Tysnes:</i>	Jan Steinar Høviskeland

<i>SIM:</i>	Terje Gilje
	Janne Hillersøy
	Kjell Egil Hollund





«Det er eit nasjonalt mål at auke i den totale avfallsmengda skal vera svakare enn den økonomiske veksta.»

Ditt avfall

— vårt samfunn

Grønt skifte og sirkulær økonomi

Auka velstand og kjøpekraft set ressursane på kloden under sterkt press. Dermed vert det ein har omtala som berekraftig utvikling sett på prøve. Europakommisjonen har hatt dette på dagsorden i mange år, men det krev store endringar og omlegging av måten ein nyttar ressursane i samfunnet på. Utfordringa er både å sikre høg levestandard og ta vare på ressursane i eit berekraftig perspektiv.

Avfall har i mange år blitt omtala som ein ressurs. Grunntanken er at avfall kan brukast på ny, anten som energi eller som råstoff i utvikling av nye produkt. Ein veit at fleire naturlege stoff (m.a fosfor) er i ferd med å brukast opp. Dette er stoff jorda har brukt millionar av år på å produsera. I tillegg vert fleire typar nitrogen omdanna, slik at den naturlege balansen endrar heile økosystem. Utslepp av CO₂ og andre klimagassar fører til at det globale klimaet endrar seg, noko som igjen påverkar havnivå og surhetsgrad i sjø og vatn.

Slike endringar er menneskeskapte og me står ovafor store utfordringar dersom denne utviklinga skal halde fram. Avfall og gjenvinning står sentralt i Europakommisjonen sin handlingsplan for sirkulær økonomi. Den sirkulære økonomien skal bidra til at ressursane vert verande i økonomien, i motsetnad til den linære økonomien som har som føresetnad at ressursar er ubegrensa og lette å handtera som avfall. Den sirkulære måten og tenkja på vert òg kalla det «grøne skiftet», der ein ser at ei omstilling må til slik at vekst og utvikling skjer i takt med det naturen kan tåle. For avfallsbransjen er det lagt fram konkrete lovforslag som har som mål å auke ressurseffektiviteten, redusere miljøbelastninga, fremje økonomisk vekst og sysselsetjing, bidra til å oppnå klimamål, samt redusera EU sitt behov for import av råvarer.

Nokre sentrale punkt*:

- Det vil bli utvikla produktkrav under framtidige arbeidsprogram for økodesigndirektivet.
- Det vil bli foreslått obligatoriske design- og merkekrav som skal gjera det enklere å ta frå kvarandre, gjenbruke og materialgjenvinne elektroniske skjermer (som PC, TV, andre flatskjermer).
- Gjennom produsentansvarsordningar skal produsenten i større grad bli ansvarleg for avfallet som oppstår frå produkta etter bruk. Det vert foreslått at produsenten skal betale økonomisk bidrag basert på kostnaden ved at produktet blir avfall.
- 60 % av alt kommunalt avfall (hushaldsavfall og liknande) skal material-gjenvinnast innan 2025 med opptrapping til 65 % innan 2030.
- Maks 10 % til deponi innan 2030, for avfall som kan materialgjenvinnast (plast, metall, glas, papp og papir, bio-nedbrytbart avfall). Det føl med ein «ikkje-bindande oppfordring til eit tilnærma deponiforbod av kommunalt avfall innan 2030.
- Materialgjennvinningsdelen for emballasjeavfall skal aukast til 80 % innan 2030 med materialspesifikke delmål (90 % for papp og papir innan 2025, 60 % for plast, 80 % for treemballasje, 90 % for jernhaldige metall, aluminium og glas innan 2030).
- Betre sporing og registrering av farleg avfall

**EU- kommisjonen sitt forslag til handlingsplan for sirkulær økonomi (2015)*



«Den sirkulære økonomien
skal bidra til at ressursane
vert verande i økonomien»

Noreg og det grøne skiftet

Nasjonalt har ein dei same utfordringane ein har globalt. Norsk klima- og miljøpolitikk er tett samanvevd med politikken i EU-/EØS-samarbeidet. Noreg har som mål å vera med å bidra til ein ambisiøs miljøpolitikk i Europa. Frå den nasjonale avfallsstrategien (frå august 2013) er det sett ein del prioriterte nasjonale resultatmål. Det er venta ny avfallsstrategi basert på EU sin handlingsplan:

- Utviklinga i generert mengde avfall skal vera vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.
- Mengda avfall til attvinning skal vera om lag 75 %, med ei vidare opptrapping til 80 %, basert på at mengda avfall til attvinning skal aukast i tråd med eit samfunnsøkonomisk og miljømessig rett nivå.
- Farlig avfall skal handterast på ein forsvarleg måte, og anten gå til attvinning eller vera sikra tilstrekkeleg nasjonal behandlingsskapasitet. Generering av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020, samanlikna med 2005-nivå.

I Noreg har avfallshierarkiet fungert som politisk rettesnor sidan 2008, då EU sitt rammedirektiv for avfall vart lagt fram. Avfallshierarkiet byggjer på tanken om at avfallsreduksjon er betre enn ombruk, som er betre enn materialgjenvinning som er betre enn energigjenvinning som er betre enn deponi.


Noreg ligg langt framme når det gjeld mengder avfall som vert sendt til materialgjenvinning, og avfall som vert brukt til energigjenvinning. I 2009 vart det innført deponiforbod av alt biologisk nedbrytbart avfall. Det medførte at mengdene deponert avfall i 2012 var 1/9 del av mengdene deponert i 2008. Noko som igjen medførte eit stort hopp i avfallshierarkiet for dei fleste avfallsselskap i landet. Frå å leggja alt brennbart restavfall på deponi vart no dette avfallet sendt til energigjenvinning. Dermed flytta avfallet seg oppover i hierarkiet. Historisk sett har det vist seg at det må påbod og restriksjonar til for å få fram dei store resultatane.


I Noreg har avfallsmengda auka kvart år dei siste 20 åra, med unntak av 2008, då det var ein liten nedgang. Sidan 1995 har mengda avfall frå hushald dobla seg. I snitt kasta kvar og ein av oss 464 kg i 2015. Det er eit stykke att for å nå EU sitt mål om 60 % materialgjenvinning av hushaldsavfallet. Sidan 2008 har det vore ein liten nedgang i avfall sendt til materialgjenvinning frå hushald. Medan ein i 2008 sende 44% til materialgjenvinning, var talet 37 % i 2014*.

I den sirkulære økonomien er det særleg fokus på omgrepa *vert materialgjenvunne* og *vert sendt til materialgjenvinning*. Den sirkulære økonomien har i

«Det er eit auka fokus på omgrepa
vert materialgjenvunne og *vert sendt til
materialgjenvinning*»

Husholdsavfall etter handsamingsmetode 2016 (SIM)


42%
Energigjenvinning



mykje større grad fokus på at dei utsorterte fraksjonane faktisk vert til nye material, i motsetnad til det som har vore praksis dei siste ti- åra, sendt til gjenvinning. Ved å bruke eit slikt parameter vil gjenvinningsgraden vera mykje større enn om ein måler faktisk gjenvunne.

**Gjeld husholdsavfall som kommunane har ansvar for. Vrakkbilar og nokre små avfallstypar er ikkje med. (Kjelde: Loop/SSB)*

Utsikt frå Valen, Kvinnherad.



SIM SIN VISJON:

**Miljørett avfallsordning
til rett pris**



SIM og det grøne skiftet

Frå visjon til handling:

«SIM skal tilby avfallsløysingar som i heilskap er dei beste for miljøet, kundane og selskapet. SIM skal fylgja styresmaktene sine krav og halda høg etisk standard på arbeidet.»

SIM har i stor grad oppnådd målsetjingane i tidlegare avfallsplanar. Selskapet har bygd ut og lagt til rette for gode og miljørette avfallsordningar, samstundes som ein har hatt fokus på kostnadane. Selskapet har høg sorteringsgrad og godt tilrettelagt tilbod for gjenvinning. Ein ser likevel ein trend der graden av materialgjenvinning går ned, medan avfall som går til energigjenvinning går opp. Dette gjeld ikkje berre for SIM, men for heile landet.

I 2015 gjekk avfallsmengdene i SIM opp med 12,6 %. Selskapet har stadig fokus på om ein bør leggje til rette for nye ordningar slik at fleire fraksjonar kan flyttast oppover i avfallshierarkiet. Mellom anna evaluerer ein i desse dagar «Fitjar-modellen», der emballasjeplast og tekstilar er ei henteordning. Kalkulasjonar gjort i forkant av dette prosjektet viste at det var eit potensiale for betre utsortering. Særleg fraksjonen tekstilar ville gje utslag, då ein her ville ta store steg oppover i hierarkiet, frå energigjenvinning til ombruk.

Selskapet har dei siste åra investert i moderne anlegg, som er framtidsretta med tanke på auke eller endring i avfallsmengder. Nasjonale føringar vil vera retningsgjevande for store deler av selskapet si drift, men det er òg rom for å i verksetje tiltak for å oppnå målsetjingar selskapet meiner er rett.

Kommunen og det grøne skiftet

SIM- kommunane har delegert ansvaret for hushaldsavfallet til SIM. Selskapet har ansvar for alt avfall som kjem frå hushald i sju Sunnhordlandskommunar. Når det gjeld hushaldsavfall og slam vert dette handtert av SIM etter prinsippa om eierrett. SIM kan tilby tenester til næringslivet, og har ei ekstra plikt for å sørge for at næringslivet i utkantsstrøk har eit tilbod.


Når det gjeld kommunen sitt eige næringsavfall har kommunen sjølv eit ansvar for å ta hand om dette på ein miljørett og forsvarleg måte. Kommunen kan tildele dette avfallet til SIM etter same prinsippa som hushaldsavfallet.

Kommunen eller selskapet kan i liten grad påverka at avfall oppstår, sjølv om ein til ein viss grad kan bruka virkemiddel for å regulera folk sine handlingar i miljørett retning. Det beste ein kan gjera er å leggja til rette for miljørette løysingar for å ta hand om avfallet etter at det er oppstått.

SIM kommunane har utvikla seg mykje sidan SIM vart oppretta. I løpet av dei siste 25 åra har folketalet auka med om lag 10 %, men den største endringa er nok at det er blitt større områder med tettbygde strøk. Sentrum i kommunane veks, ein har fått fleire «blokker og burettslag», noko som medfører endra behov for avfallsløysingar. Ei framskriving i vårt område viser at folketalet vil auke med 30 % innan 2040, dersom ein får høg nasjonal vekst i denne perioden. Dersom størsteparten av desse vil busetja seg i sentrum av kommunane vil det få konsekvensar for korleis selskapet skal leggje til rette for avfallsløysingane i framtida.

Lokale klima og miljøplanar

SIM- kommunane har lokale klima- og miljøplanar som inneheld mål knytt til reduksjon av klimautslepp og klimavennlege løysingar i kommunen sine val av produkt og tenester. SIM har ei plikt og ei målsetjing om å sørge for at kommunane når sine mål, òg på dette området.



TOTALE AVFALLSMENGDER I 2016

49 890 tonn

- Hushaldsavfall deponi (2 %)
- Hushaldsavfall attvinning (53 %)
- Næringsavfall deponi (21 %)
- Næringsavfall attvinning (17 %)
- Slam (7 %)



Fokus, mål og tiltak

1. Kvalitet og effektivitet

Mål:

SIM skal vera over gjennomsnittet på landsbasis for mengder avfall sendt til materialgjenvinning, med fokus på kvalitet og ressurs-effektivitet.

Ressurs-effektivitet

I avfallsbransjen er omgrepet ressurs-effektivitet knytt til utnytting av ressursane på ein effektiv måte, då ikkje berre med mål om meir effektiv produksjon, men i høve korleis ein utnyttar ressursane. Effektivitet kan i dette perspektivet t.d målast ut frå innsatsen ein treng for å sortere ut fraksjonar som skal gjenvinnast, og kva ein får ut av dei som sluttprodukt. Det er altså ikkje kvantitet som er målet, men kvantitet dersom resultatet er at avfallet faktisk vert gjenvunne.

Kvalitet

Kvalitet vert i dette perspektivet sett på med «End of Waste» kriteria som rettesnor. Her vert det skissert ein del punkt som seier noko om kva tid eit produkt går frå og vera avfall til å bli ein ressurs. Det skjer når avfallet tilfredsstillar ein del kriterium. Slike krav kan omfatte måten produktet vert brukt på og at bruken av produktet ikkje medfører negativ påverknad på menneske og miljø. Kvalitetskrav kan vera knytt til råvara, til gjenvinningsprosessen og til det gjenvunne produktet.

Status:

For SIM sitt vedkommande har ein sidan 1997/98 hatt henteordning for restavfall, papir og bio. Selskapet er eit av få selskap i landet som per i dag ikkje har henteordning av plastemballasje. Ein veit at fleire selskap vurderer/har både småelektronikk, grovavfall, tekstilar, glas- og metall som henteordning. All erfaring viser at dess nærare kjøkenbenken avfallet vert henta, dess meir og reinare fraksjonar får ein. Samstundes veit ein òg at det vert diskutert om sentralsortering av avfallet er vegen å gå. Eit selskap i landet (RoAF) har innført dette, og IVAR i Stavanger- regionen er i

ferd med å byggje eit slikt anlegg. Erfaringane med ei slik ordning er for tidleg å seie noko om, då anlegget berre har vore i drift sidan sommaren 2014. Selskapet har miljøsentral i alle eigarkommune og returpunkt for glas- og metallemballasje som bringeordningar. 45 % av avfallet frå hushaldningane kjem inn via miljøsentralane.

Utfordring:

Kor vidt ein skal innføre henting av nye fraksjonar vil alltid reise spørsmålet om fraksjonane gjev høg nok miljønytte og kva potensiale som ligg i restavfallet. I tillegg må ein vurdere kva tenestetilbod ein skal ha til kunden. Alle desse faktorane får konsekvensar for kostnadane. Ein veit at ei henteordning er dyrare enn ei bringeordning, men ei henteordning gjev større mengder.

Ein analyse gjennomført av Mepex, på oppdrag frå Avfall Norge viser at det i restavfallet ligg eit potensiale for utsortering på opp mot 45 % for enkelte fraksjonar.

Delmål:


- SIM si målsetjing er at mengda avfall som vert sendt til materialgjenvinning skal vera større enn mengda avfall sendt til energigjenvinning.
- SIM skal leggje til rette for at fraksjonar vert flytta oppover i avfallshierarkiet
- Avfall som vert sendt til materialgjenvinning frå SIM skal vera av ein så god kvalitet at det eignar seg som nye råvarer.
- SIM skal tilby kunden løysingar som gjer at han kan opptre miljørett, men på ein slik måte at ressursane vert utnytta på rett måte.




MÅL:
SIM skal vera over
gjennomsnittet på
landsbasis for mengder
avfall sendt til
materialgjenvinning,
med fokus på kvalitet
og ressurs-effektivitet.

Potensialet i restavfall


Det kan hentast gjenvinnbare materialar frå restavfallet frå hushaldsavfallet.




Tekstilar



Metall



Plast



Glasemballasje

● Utsortert ● Restavfall

Kilde: Mepex (2015), basert på plukkanalyser



MÅL:

SIM skal ha miljørett haldning og miljørett handling som fokus i alt sitt arbeid. Det gjeld i like stor grad intern drift som ekstern drift.

2. Miljørett haldning og miljørett handling

Mål:

SIM skal ha miljørett haldning og miljørett handling som fokus i alt sitt arbeid. Det gjeld i like stor grad intern drift som ekstern drift.

Det er ikkje det du seier, men det du gjer som betyr noko, men det som vert sagt har stor påverknad på det som vert gjort. Selskapet sin aktivitet har påverknad på miljøet, både direkte og indirekte. Kva haldning selskapet har til utslepp, forbruk, etisk handel eller gjenvinning vil få konsekvensar for vår aktivitet. Samstundes vil selskapet sin aktivitet ha påverknad på kommunane sine klima- og miljøplanar. Selskapet har eit ansvar for å informere om miljørette haldningar, som deretter vonleg vil vise att i miljørette handlingar.

Særleg gjeld dette haldningar knytt til forureining, forbruk og forgiftning. Gode haldningar knytt til rein natur og ansvar for det å rydde opp etter seg er noko SIM alltid har hatt fokus på. Me omgjev oss med fleire og fleire produkt som inneheld miljøgifter. Lista over produkt som vert definert som farleg avfall vert òg stadig utvida, noko som får konsekvensar for oss og miljøet rundt oss. I tillegg meiner SIM at fokus på matsvinn og forbruk er viktige tema i det haldningsskapande arbeidet.

Status:

SIM har sidan etableringa av selskapet hatt stort fokus på haldningsskapande arbeid. Ein har påverka handlinga til innbyggjarane både med tanke på rett sortering, rydding i nærmiljøet og generell bruk av selskapet sine ordningar for å nemne noko.

Selskapet fokuserer på farleg avfall og at stadig fleire avfallstypar vert definert som farleg avfall. Skjerpa krav til drift av anlegg som skal ta i mot farleg avfall fører til auka kostnader. Kundane meiner levering til miljøsentralane er beste måten å kvitta seg med farleg avfall på, og selskapet har gode erfaringar med dagens ordning. Levering av farleg avfall frå private er gratis. Ein er pliktig å ta i mot farleg avfall frå verksemder som har mindre mengder. Verksemder er pliktige å deklarerer avfallet og skal betala kostnaden med behandlinga. Selskapet har godt tilrettelagt tilbod for mottak av farleg avfall og EE-avfall gjennom våre miljøsentralar. Om lag 4 % av avfallet selskapet tek i mot frå hushald er farleg avfall og dette avfallet kjem inn via miljøsentralane. Selskapet har i tillegg ryddetiltak som i mange tilfelle fører til opprydding av slikt avfall i naturen.



Utfordring:


Dersom selskapet skal vera miljøpådrivar kan det i visse tilfelle vera eit kostnadsspørsmål når det kjem til val av ulike løysingar. I andre tilfelle vil det vera eit val av kommunikasjonsform som skal vera avgjerande for kva påverknad/resultat ein ynskjer. I kva grad farleg avfall eller anna avfall hamnar i naturen er vanskeleg å få god nok oversikt over. Avfall som hamnar i restavfallet kan ein gjennomføre plukkanalysar for å få oversikt over.

Delmål:

- SIM skal setje krav om miljøvenlege løysingar gjennom heile avfallsstraumen
- SIM skal påverke innbyggjarane til miljørett atferd, særleg med tanke på ombruk og gjenvinning.
- SIM skal gjennom opplæring og kampanjar jobba for å hindre at farleg avfall og EE-avfall hamnar i naturen, eller i restavfallet.
- SIM skal påverke innbyggjarane til medviten haldning med tanke på matsvinn og ressursutnytting av bioavfall.
- SIM skal leggja til rette for at innbyggjarane kan vera med og bidra til eit reint og ryddig Sunnhordland.

Aksjonar

- Rydd i nærmiljøet
- Rydd ei strand*



*Starta opp i 2014.



MÅL:

SIM skal leggja tilrette for at næringsavfall vert handsama på ein miljørett og ansvarleg måte.

3. Næringsavfall

Mål:

SIM skal leggja tilrette for at næringsavfall vert handsama på ein miljørett og ansvarleg måte.

Status:

Selskapet har ikkje ansvar for kommunen sitt næringsavfall, avfallet som kjem frå skular og institusjonar. SIM veit at kommunane har ulik praksis med tanke på korleis dette avfallet vert handtert. Selskapet har til dømes erfaring med at skuleklassar som er på omvising og opplæring i miljørett atferd, ikkje har høve til å praktisere dette på eigen skule. Selskapet er uvis på om kommunane er medvitne eigen atferd og haldning knytt til avfall.

SIM har i dag deponi, kompostanlegg, omlasteanlegg og miljøsentralar som næringslivet kan nytte. SIM vurderer jamleg om selskapet skal utvikle desse tenestene slik at næringslivet kan handtere sitt avfall på ein miljørett måte. I fylgje rapporten frå Avfall Norge (Avfall Norge-rapport 4/2015) ligg det eit potensiale for utsortering av fraksjonar som kan gå til gjenvinning på omlag 33 %.

Delmål:

- SIM skal tilby kommunane ordningar slik at avfall frå kommunale skular og institusjonar vert handsama etter same miljøstandard som hushaldsavfallet.
- SIM skal aktivt marknadsføra selskapet sine ordningar for næringslivet.

Materialgjennvinningsgrad av utsorterte avfallstyper

Det kan hentast gjennvinnbare materialar frå restavfallet.



Ressurspyramiden

Ein illustrasjon på prioriteringane i norsk og europeisk avfalls- og gjennvinningspolitikk (også omtala som avfallspyramiden eller avfallshierarkiet).


01 Avfallsreduksjon
Lage mindre avfall

02 Ombruk
Bruke ting om igjen

03 Materialgjenvinning
Lage nytt av brukt

04 Energiutnytting
Brenna og bruka varmen

05 Deponering
Legge på fylling




Tenestetilbod, kostnader og nytte

Innføring av nye ordningar vil som regel føre med seg auka kostnader for abonnentane. Det vil difor alltid vera naudsynt å sjå verdien av ordninga opp mot kostnadsauken. Samstundes kan det vera vanskeleg å måle verdien av, og samanlikne, ein del parameter. For SIM sitt vedkommande vil eit slikt kost/nytte perspektiv sjåast på som ei totalvurdering av kostnaden for abonnenten, sett opp mot den miljømessige vinsten. Her vil ressurseffektive og kvalitetsmessige vurderingar vera ein del av biletet. For SIM sine innbyggjarar vil tenestetilbod, gebyrmodellar og avfallsløysingar vera det som har direkte påverknad på deira kvardag.

Tenestetilbod:

SIM sine kundar er busett over eit variert og stort geografisk område, med både øyar, fjord og fjell. Sidan etableringa av SIM har innbyggjarane hatt likt tenestetilbod uavhengig av geografi eller storleik på kommunen. For at dette framleis skal vera normen, kan det føre til at innbyggjarane får ulike oppsamlingsløysingar, avhengig av type bustad og kvar dei bur.



Den nye miljøsentralen på i Hollundsålen Bømlo.

SIM har miljøsentral i alle sine eigarkommunar. Om lag 42 % av hushaldsavfallet kjem inn via miljøsentralane. Ser ein på tala for hentefraksjonane papir og restavfall er dette talet 42 % for henteordninga, og 12 % på miljøsentralen. For kunden sitt vedkommande er det tilgjenge og opningstider som betyr noko for bruken av miljøsentralen. Selskapet merkar ein stor auke i besøkstalet ved miljøsentralane.

Ei framskriving av besøkstalet fram mot 2019 viser at miljøsentralane vil ha eit besøkstal på over 120 000 kundar i løpet av eit år, dersom ein held fram med den same prosentvise auken ein har hatt dei siste åra.


Gebyr:

SIM har ein fleksibel gebyrmodell der abonnenten kan velje ulike modellar for å påverke gebyret. Det kan vera at ein i framtida må vurdere større fleksibilitet enn det som er lagt til rette for i dag. Fellesordningar kan gje mindre fleksibilitet og i slike tilfelle må gebyrstrukturen tilpassast deretter.

Avfallsløysingar:

Selskapet sine avfallsløysingar er sekker, dunkar, returpunkt for glas- og metallemballasje, hyttekonteinera og miljøsentralar. Slik utviklinga av avfallsmengder, busetnad og auke i folketal har utvikla seg, vil det i framtida vera behov for ei vurdering av andre løysingar enn det ein har i dag. Til dømes kan det vera aktuelt å vurdere nedgravde løysingar eller kjeldesortering for hytteabonnentar.

For SIM sine innbyggjarar vil tenestetilbod, gebyrmodellar og avfallsløysingar vera det som har direkte påverknad på deira kvardag.



SIM

sim.as